

# Krigshistorisk storverk.

Av MAJOR SAGEN

100168

Gylden dalsender frå september ut eit mektigt 4-bands storverk um vårt siste militære storverk: Krigen i 1940. Det avhjelper «et lenge følt savn.»

Redaktør er professor Steen. Og dette namnet varslar godt. Eg verner, eg inkje gjer han nokon urett ved å rekna han til ein av Kohts elever. Og seinare sat dei saman i det historiske fakultet.

Eg trur dette valet av professor Steen var eit «Lykkeilgt valg» i alle fall for professor Koht, som var Noregs utanriksminister i 1940, da krigen braut ut — ein krig, som inkje kaste glans over Kohts namn. Han visste ingen ting um krigen fyreat, medan svenskane og sveitsarane stod klar.

Utanriksministeren fekk snaudt nok drege broki på seg um morgonen fyrr han var jaga til skogs.

Og endå ein ulærd mann som major Sagen so visste eg mykje meir enn utanriksministeren, som hadde tråder ut over heile Europa og 18 000 kroner i årleg løn for å passe på. Eg hadde siste timen min med kavalleriets befalelskule laurdag fyrr tyskarane kom. Og då eg gjekk ned frå katetret kl. 13.30 kunde eg fortelja kavalleristene: «Dette er siste timen. Eg ottast, at innan neste time må det ha hendt forferdelege ting her i landet.»

Og tysdag kom tyskarane.

Det var nok ein lukkeleg leik av lagnaden for Koht, at Steen skal skriva saga hans. For no slapp han venleg noko lite lettare gjennom skiringselden. Heilt fri for åtale slapp han vel inkje. Men det er jo so mange måtar å segja syrgjelege sanninger på.

\*

I redaksjonskomiteén sit også sjølve statsminister Gerhardsen. Ja inkje smil. For dette er nok olivor. Det er vel inkje mange, som betre enn Gerhardsen kjenner det syndeverk, som Arbeiderpartiet hev gjort mot Noregs forsvar. Han stod manna fremst mellom antimilitaristane. Så her kann Steen ause or dei beste kjeldor. Gerhardsens menn hev vore framsyne rædt frå ungdomen av. Hans spesialitet var antimilitær agitasjon og nedbrøtting av Noregs forsvar. Og alt so tidleg som 10. mars 1928 skreiv «Arbeiderbladet»:

## TENK OG VELG.

### Dom over Gerhardsen for antimilitær agitasjon.

«Dommen over Gerhardsen for utgivelsen og spredningen av brosjyren: «Tenk og velg» er helt urimelig urettferdig. Nå — Gerhardsen tar saken med ro. Han er vant til å rusle ut og inn av fengslene for arbeidssaken. Slike rettsforfølgelser vil ikke stanse, men tvertimot fremme og skjerpe den antimilitære agitasjon, og da i første rekke på moen.»

Personleg kjenner eg og statsministeren og veit, kva det er som bur i han. Nokre månader fyrr stor-krigen var eg uppe hjå han for å tala eit ollvorsord. Den gong var han inkje so stor som no, endå han

var noko lite stor då med. Han sat på eit kontor i 6. eller 7. høgde på Youngstorget. Det såg ut som han kjende meg straks han såg snerten av meg. Og dette var visseleg inkje for det gode. Eg hadde tenkt å få tala i Arbeidersamfundet og fortelja litt um det me hadde i vente frå Tyskland i nærmaste framtid. Men han let meg vita, at han helst inkje såg meg.

Ei tid fyre krigen såg eg uværet nærma seg. Eg gjorde freistnad med eit nytt åtak på den mektuge, kloke mannen — ein freistnad på å sleppa inn i Arbeidersamfundet. Men då kom eg inkje til orde. Han knapt nok så upp frå papiret han sat og skreiv på: «De trær ned dørstokkene mine!»

Eg skyna då straks, at «Hier kämpfen selbst die Götter vergebends.» For Gerhardsen er ein mann som veit kva han vil. Og han skynar alle ting betre enn andre.

Som sagt: Her kann professor Steen ausa av beste kjelda. Gerhardsens namn borgar for, at me fær eit pålitelegt blikk av hendigane og serskilt av orsakene til elendigheta i forsvaret.

Og Gerhardsen let vel snaudt nok andre koma til orde, enn dei som sit inne med dei einaste saliggjerande trui og det rette synet på sakene. Dette er jo ein garanti.

Det er arbeidarpartiet som her skriv krigssoga. Gerhardsen er den rette mannen.

Oslo 1 januar 1948.

Einar Sagen.